

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	24.11.2021	118/21

Avgjerd av:	Arkiv: N-101.3	Arkivsaknr
Saksh.: Kaale, Leiv Ingmar	Objekt:	21/12071 - 3

### Kommunedelplan for Kvamskogen - utlegging av framlegg til Planprogram

#### **Behandling i politiske utval:**

#### **24.11.2021, FSK- 118/21 Vedtak:**

*Med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 vedtek Kvam formannskap å senda framlegg til planprogram datert 10.11.21 for kommunedelplan på Kvamskogen ut på høyring. Før planprogrammet vert lagt ut, skal Energi- og klimaplan tilvisingane oppdatertast for ny plan i 4.2. I tillegg vert punkt 3.1 og 3.3 endra slik at Ungdomsrådet utgår frå referansegruppe, og får i staden saka opp til handsaming i same møtebolkar som andre politiske utval, i tråd med ny kommunelov.*

---

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 vedtek Kvam formannskap å senda framlegg til planprogram datert 10.11.21 for kommunedelplan på Kvamskogen ut på høyring. Før planprogrammet vert lagt ut, skal Energi- og klimaplan tilvisingane oppdatertast for ny plan i 4.2. I tillegg vert punkt 3.1 og 3.3 endra slik at Ungdomsrådet utgår frå referansegruppe, og får i staden saka opp til handsaming i same møtebolkar som andre politiske utval, i tråd med ny kommunelov.

#### **Samandrag:**

Kvam herad har engasjert konsulentselskapet ABO AS til utarbeida framlegg til ny kommunedelplan for Kvamskogen. I samband med dette, er det no laga til eit framlegg til

planprogram som skildrar kva tema som skal greiast ut, opplegg for medverknad, organisering av arbeidet med meir.

Planprogrammet skal vera på høyring i seks veker før det kan verta vedtatt. Samstundes som at planprogrammet vert lagt ut på høyring, vert det kunngjort at arbeidet med å laga ny kommunedelplan startar opp. Ved gjennomgang av saka oppdaga rådmannen at planprogrammet ikkje er oppdatert for ny, vedteken energi- og klimaplan. Dette bør gjerast før programmet vert lagt ut på høyring. Når det gjeld medverknad, er det klarare skilje mellom administrativt og politisk deltaking i planarbeid. Ungdomsråd vert rekna som politisk organ, og deira medverknad skal vera gjennom handsaming av politisk sak, og ikkje i referansegruppa for å vera i tråd med kommunelova.

Rådmannen håpar at arbeidet med kommuneplanen no skal verta godt kjend og at alle som er opptatt av korleis Kvamskogen skal utvikla seg i åra som kjem, melder inn sine interesser.

#### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
16342	Planprogram KDP Kvamskogen. 10.11.2021
16633	Områdeanalyse KDP Kvamskogen. 11.11.2021 (002)

#### **24.11.2021 Kvam formannskap**

Som rådmannen sitt framlegg med fylgjande endring:

Avgrensing av planområdet er svært unaturleg mot Steinsdalen på sørsida. Dette bør fylgja høgdedraget frå Lunde over Fagrafjell, gjennom Langavatn og vidare Longvassnuten (breiaruste) og mot Tveitakvingen.

#### **1.2 Arealstrategier.**

Under avsnitt utbygging med eit mangfald. Ta vekk kulepunkt 4.

“Etablere ei ytre grense for utbygging som vert tydeleg markert i kartet. Avgrensinga av denne kan vera dagens utstrekning av byggjeområda, men der område som ligg i utkant og som ikkje er bygd ut, vert tatt ut av planen som byggjeområde.”

Framlegg vart trekt

Saksordførar i HST Kari Mostad, MDG  
Framlegg frå rådmann vart samrøystes vedteke

#### **FSK- 118/21 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 vedtek Kvam formannskap å senda framlegg til

planprogram datert 10.11.21 for kommunedelplan på Kvamskogen ut på høring. Før planprogrammet vert lagt ut, skal Energi- og klimaplan tilvisingane oppdatertast for ny plan i 4.2. I tillegg vert punkt 3.1 og 3.3 endra slik at Ungdomsrådet utgår frå referansegruppe, og får i staden saka opp til handsaming i same møtebolkar som andre politiske utval, i tråd med ny kommunelov.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Planstrategien for Kvam herad for perioden 2016 – 2019 slo fast at kommunedelplanen på Kvamskogen skulle rullerast. Dette vart vidareført i Planstrategien for planperioden som gjeld no.

Då kommuneplanen sin arealdel for Kvam vart rullert i 2019 omfatta ikkje den Kvamskogen. Gjeldande kommuneplan for Kvamskogen er derfor kommunedelplanen som vart vedtatt i 2011.

Kvamskogen har lang tradisjon for hyttebygging og det er no etablert over 2000 hytter der. Undersøkingar som er utført nasjonalt viser at etterspurnaden etter hytter er stigande. Det er stadig populært å nytta naturen til rekreasjonsføremål og kunnskap om korleis utbygging verkar på naturen er aukande. Dette gjer sitt til at fleire etterspør eit oppdatert plangrunnlag.

Vedtatt planstrategi peikar på at ei hovudutfordring for Kvam er å utvikla Kvamskogen vidare som rekreasjons- og hytteområde.

Med utgangspunkt i overordna føringar, har Kvam herad utarbeidd eigne arealstrategiar for arbeidet med kommunedelplanen. Desse vart vedtatt 03.11.2020. Desse gjev retning for arbeidet med kommunedelplanen.

Kvam herad har engasjert ABO til å bistå planarbeidet i høve prosess og utforming av framlegg til ny kommunedelplan.

### **Planprogram**

Ved utarbeiding av kommunedelplanar er det krav om eit eige planprogram.

Føremålet med planprogrammet er å klarleggja premissar og rammer for planarbeidet. I dette ligg òg å fastsetja kva tema som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og råka partar, og få innspel til gjennomføringa av kommunedelplanen. Planprogrammet skal sikra tidleg medverknad og avklara viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

I framlegg til planprogram er det skissert korleis arbeidet skal organiserast og det er sett opp ein framdriftsplan.

Det går fram av planprogrammet at det vert lagt opp til å dela opp utgreiingane i tre

hovudtema:

1. Natur, kultur, friluftsliv og landskap
2. Naturfare og klimaendringar
3. Utbygging og næringsaktivitet

Dei to fyrste bolkane i denne inndelinga vil vera premissgjevande for kvar og korleis vidare utbygging og næringsutvikling kan finna stad.

### **Konsekvensutgreiing**

Det skal gjerast ei eiga vurdering av konsekvensane (konsekvensutgreiing) av arealbruken som vert foreslått i kommunedelplanen. Denne konsekvensutgreiinga er ein del av plangrunnlaget som føl saka og ligg fylgjeleg til grunn for avgjerdene som skal gjerast. Planprogrammet ramsar opp ulike tema som er naturlege i konsekvensutgreiinga for ny kommunedelplan på Kvamskogen. Likeins vert det gjort greie for metodikken som skal nyttast. I samband med høyring av planprogrammet vert det derfor høve til å koma med innspel på tema som ein meiner bør vera del av konsekvensutgreiinga dersom ein finn at noko manglar, eller ein kan spela inn synspunkt på korleis utgreiingane skal gjennomførast.

### **Risiko og sårbarheit**

Risiko og sårbarheit (ROS) er ein viktig del av plangrunnlaget og aktuelle tema er derfor omtala i Planprogrammet. Også her vert folk invitert til å koma med innspel på tema som ein meiner er relevant å setja søkjelys på i samband med at det vert utarbeidd framlegg til ny kommunedelplan.

### **Områdeanalyse**

ABO har også laga ein områdeanalyse for Kvamskogen. Analysen er basert på kjend kunnskap, og vil på ein overordna måte gi ein oversikt over dagens situasjon for Kvamskogen. Kunnskapsbasen i dette dokumentet vil verta nytta som vurderingsgrunnlag i samband med ROS-analyse og konsekvensutgreiingar, samt vera eit grunnlag for naudsynte avvegingar og prioriteringar i planarbeidet. Områdeanalysen vil verta supplert med nye opplysningar etterkvart som ny kunnskap vert kjend.

### **Vurdering:**

Forslaget til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn samstundes som at oppstart av planarbeidet vert kunngjort. Det vert då høve for alle til å både koma med innspel til planprosessen og utgreiingane som planprogrammet peikar på, og ein kan koma med synspunkt på kva ein meiner at sjølve planen skal innehalda i høve arealbruk og kva planen bør ta omsyn til.

Rådmannen meiner at planprogrammet er gjennomarbeidd og dekker behovet for relevante utgreiingar. Det vert lagt opp til ein grundig prosess med høve for alle til å medverka.

Ved gjennomgang av saka oppdaga rådmannen at planprogrammet ikkje er oppdatert for ny, vedteken energi- og klimaplan. Dette bør gjerast før programmet vert lagt ut på høyring. Når det gjeld medverknad, er det klarare skilje mellom administrativt og politisk deltaking i

planarbeid. Ungdomsråd vert rekna som politisk organ, og deira medverknad skal vera gjennom handsaming av politisk sak, og ikkje i referansegruppa for å vera i tråd med kommunelova.

Erfaring frå andre planprosessar viser at mange er opptatt av korleis områda som ein brukar anten dagleg eller i samband med fritid og arbeid kan nyttast framover. Ofte ser me at engasjementet kunne kome på eit tidlegare tidspunkt. Rådmannen håpar difor at arbeidet med kommuneplanen no skal verta godt kjend og at alle som er opptatt av korleis Kvamskogen skal utvikla seg i åra som kjem melder inn sine interesser.

Rådmannen rår til at Planprogrammet vert sendt på høyring og ynskjer alle innspel velkomen.